KYRKJELYDSBLAD

ÅMLI **TOVDAL** **GJØVDAL**

NR. 3 JULA 2016 65. ÅRG

Julekveld

Mel: Det lyser i stille grender

Frå songen rundt juletreet
stig tonane varmt og mildt
om stallen med høy og klede,
der barnet søv blidt og stilt.

Frå kjøkkenet lyder songen
frå mor som gjer alt i stand.
Ho syng om den første gongen
med julekvad over land.

Med jubel stig lovsongstonar
frå ringen rundt juletre,
om Han som blei vår forsonar
til frelse og evig fred!

I ringen kring treet finn vi
eit samhald frå hand til hand,
eit håp om ei betre framtid
for heim og for folk og land.

Eit snøfnugg på vindaugsrute,
så veikt på ein julekveld.
Men sjå kva som skjer der ute
når mange nok saman held!

Inge Torfinn Vada

GOD JUL!

Tenk om det er sant!

«Eg skulle gjerne ha sett andletet på mannen og møtt han som skreiv dette. Forteljinga om Jesu fødsel er det vakraste som er skrive. Det er det tettaste, knappaste og det vakraste», sa den verdskjende svenske forfattaren Pär Lagerkvist i ein samtale med Jakob Weidemann ein sein nattetime i Roma. Så legg han til: «Tenk om det er sant!».

Ja, tenkt om det er sant at Gud vart menneske! Så har Gud tala høgt om det å vere menneske. Han er blitt som ein av oss. Salmediktaren Olof Hartmann har sagt om juleevangeliet:

«Viss dette er sant, finns det ikkje lenger einsemd og forbanning i det menneskelege, for då har Gud valt å bu hos dei utestengde og foreina seg med vår lagnad i mørkeret. Då kan du høyre pusten hans også der rådvilla bur, om du berre har evangeliet hos deg.»

Viss det er sant, har vi fått det beste eksempelet på kva det vil seie å vere eit heilt menneske. Jesus har vist oss korleis vi skal leve eit ekte menneskeleg liv. Ingen har levd eit så heilt menneskeleg liv som han. Å vere menneske er ikkje framand for Gud. Han kjenner oss og veit kva det er å vere menneske. Han har kome nær oss gjennom eit lite barn i ei krubbe.

Tenk om det er sant? Da har Gud vist seg i vår verd. For augo våre, for øyro og for hendene våre har han vist kjærleiken sin slik verda aldri før har sett. Eit av vitna uttrykkjer seg slik:

I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. (1. Joh. 4,9).

Tenk om det er sant at barnet i krubba er teiknet på at verdas frelsar er fødd! Ikkje ein politisk frelsar, ikkje ein militær frelsar, men ein frelsar som kjem som eit vanleg menneske, som ein av oss, samstundes som han er heilt ulik oss. Då er han, den einaste som kan opne porten til himmelen for oss, komen. Han er komen som ein sårbar frelsar utan livvakter, som eit forsvarslaust lite barn. Han kjem ikkje for å imponere med makt, men for å nå like inn til oss. Då har Gud vist at han verkeleg ønskjer å kome nær kvart menneske.

Tenkt om det er sant at Messias kom julenatta, med hyrdingane og heile himmelen som dei første vitna! At himmelen den natta vart fylt med ein song dei aldri før hadde høyrt maken til. Då er alle løfta i Det gamle testamentet oppfylte. Då har livet vårt brått fått ei retning. «Tru på meg», sa han som vart lagt i krubba. «Det var difor eg kom».

«Forteljinga om Jesu fødsel er det vakraste som er skrive. Det er det tettaste, knappaste og det vakraste. Tenk om det er sant!»

«Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son,
vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria møy.»

Stein Reinertsen, biskop i Agder og Telemark

Fine opplevelser.

Det går mot adventstid og julelysene tennes på gater og torg.
Vi har hatt et år med mange flotte opplevelser.

Det er ikke så mange måneder siden vi hadde bispevisitas her i Åmli.
Det var mange som så fram til visitasen med glede og forventning. Det var stas å kunne få vise fram bygda.

Biskop Stein Reinertsen med følge, fikk omvisning i de tre vakre kirkene i Åmli, Gjøvdal og Tovdal. Dyktige lokale folk bidro med foredrag og omvisning i kirker og på kirkegårder.
Vi besøkte lokale skoler og arbeidsplasser, Menighetssenteret, ÅPOS og Elvarheim.
På skolene var det stor stas når biskopen kom på besøk, og spennende da han tok på seg den flotte bispekåpen. Noen av elevene fikk holde gullkorset til biskopen.
Samlingen på Menighetssenteret var minneverdig. Det var et fargerikt fellesskap, med folk fra flere nasjoner, eksotisk mat, flott musikk og hyggelig samvær.

Det ble noen fine og innholdsrike dager sammen med biskop Stein Reinertsen. Fint å få treffe folk, store og små, unge og eldre, som bor og har sitt virke i disse vakre bygdene.
Det ble mange gode samtaler og mange som satte pris på å få noen ord med biskopen og hans følge
Det var et høytidspreg over besøket. Vi takker for visitasen!

***

Dette året er det mange som har båret sitt barn til dåpen her i Åmli. Det er gledelig! Det er stort! Svein Ellingsen uttrykker det slik i salmen:

«Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender, kommer vi til deg som ga oss livet.»

Det var spesielt å få oppleve friluftsgudstjeneste på Hovdefjell, på Kristi himmelfartsdag.
To barn ble døpt, Maja og Ida Linnea. Det var gjester fra fjern og nær. Det danske flagget vaiet mellom fjellknausene. Turgåere i nærheten tok en liten rast på en høyde. Kaffekopper og niste kom fram og solen varmet. En menighet på over hundre var samlet.

Foto: Mathilde Moland

I Guds frie natur og i en høyde på over 500 m.o.h. ble Maja og Ida Linnea døpt til «Namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande». Det var som om himmel og jord møttes.

«Fylt av undring er vi i din nærhet! Du som bærer verdensrommets dybder, venter på de små og tar imot oss.»

Salve organist, stilte opp med trekkspill og Gerd kirketjener, var forsanger.
Til postludium ble vi beriket med musikk fra en lokal gruppe av messingblåsere.

«Større rikdom enn hva ord kan romme, har du gitt oss gjennom dåpens gave. Herre, la vår tro bli fylt av glede!»

.. Dåp og konfirmasjon hører sammen.

Et nytt flott konfirmantkull møter trofast opp i Åmli kirke annenhver onsdag.

På hver gudstjeneste møter to konfirmanter opp og har som oppgave å være ministranter. Det betyr at de er med å hjelpe til under gudstjenesten. Oppgavene begynner i kirketårnet med klokkeringing – klokken, som kaller folk til kirke.

Så gjør de seg klare til å dele ut salmebøker og gudstjenesteark og ikke minst, ønske alle hjertelig velkommen. En viktig oppgave!
Når det nærmer seg evangelielesning står ministrantene med tente lys og i hvite kapper, klare til å delta i evangeliprosesjon.
Sammen med presten går de et stykke nedover midtgangen i kirken og evangeliet blir lest blant folket, mens vi synger *«Salige er de som hører Guds ord og tar vare på det. Halleluja!* Under forbønnen tenner de lys i lysgloben. Konfirmantene tar oppgavene på alvor, og de får et innblikk i gudstjenestelivet.

***

.. Så nærmer julehøytiden seg... .

Vi gleder oss til Lysmesse, Syng jula inn, Skolegudstjeneste, Julekonsert og Julegudstjenester.
Vi gleder oss til å synge julesanger, og vi håper at mange finner veien til kirken.

ALLE ER VELKOMNE!

Nå er den hellige time.
Vi står i stjerneskinn
og hører klokkene kime.
Nå ringes julen inn.
Englene synger høyt i kor,
synger om fred på vår jord.
Verden var aldri helt forlatt.
En stjerne skinner i natt.
Eivind Skeie

Med ønske om en velsignet og fredfull julehøytid!

Ragnhild Marie Røstvik
Sokneprest i Åmli og Gjøvdal sokn

GULLKONFIRMANTANE 2016

Bak frå venstre; *Asborg Olga Neverdal, Oddbjørn Haugli, Liv Skogby, Rune Nylund, Anders Johnsen, Reidun Huebner, Kirstin Smeland, Kari Øy Hauge, Gerd Aaland*
Framme frå venstre; *(Gunn) Andrea Maria Oland, Sokneprest Ragnhild Marie Røstvik, Gunvor Vaule, Åse Synnøve Omland, Kari Vaule Arentzen og Olav Heia*

FAMILIEKONSERT I ÅMLI KYRKJE

Fredag 16.desember kl. 19.00

"Ambitions" spiller jula inn -en familiekonsert for alle!

Billettpris: Voksen kr. 100,- Barn u/10 år kr. 50,-

VELKOMMEN

Aktivitetstilbodet utover våren for barn og unge

Programmet for Kyrkjebygda søndagsskule våren 2017:
Søndagskule på Menighetssenteret kl. 11.00: 15. og 29. januar, 12. og 26. februar. 12. mars, 23. april og 14. mai .
Saman med Åmli kyrkje: 26. mars (Barnas misjonsdag) og 9. april (Påskevandring).

Dølemoklubben sitt program for våren:
På Dølemo Misjonshus følgjande torsdagar kl. 18.00 – 19. 30:
19. januar, 2. og 16. februar, 2. , 16. og 30. mars
Hobbyaktivitet, song, andakt og litt mat på samlingane.
Alle velkomen!

Skulelaget sitt program for våren:
I Åmlihallen og Oasen følgjande fredagskveldar:
13. og 27. januar, 10. februar, 3. , 17. og 31. mars
21. april, 5. mai, og tur 2. juni. Aktivitetar, spel og andakt. Sal av snop, mat og drikke. Alle frå 7. klasse og opp mot 18 år er velkomne.

Babysang på Åmli Menighetssenter startar opp igjen etter vinterferien, tysdag 28. februar kl. 10.00. Det vert då babysang kvar tysdag, same tid og stad fram mot påske, i alt seks gonger. Tilbodet er eit samarbeid mellom eigarane av Menighetssenteret og kyrkja. Tilbodet er tverrkyrkjeleg og ope for alle med born i alderen 0 – 1 år.
Ta med niste til felles lunch. Varm drikke blir servert alle vaksne.
Leiar våren 2017: Bente Engenes.
Velkomen! Helsing Bente, Åsta, Kari, Ragnhild og Gerd.

Ein stor takk til alle som gjer alt frivillig arbeid i sokna. Utan frivillig arbeid skjer ikkje noko.

Kyrkjelydsblad for Åmli, Gjøvdal og Tovdal

Utgjevar: Åmli sokneråd og Gjøvdal sokneråd
Bladstyre:
Ragnhild Marie Røstvik, Kari Gerd Riisland og Halvard Skårdal

Bladet vert sendt gratis til alle heimar i Åmli kommune.
Trykk: Åmli kyrkjekontor
Gåve til Kyrkjelydsbladet: Konto 2821.40.07314

Åmli kyrkjekontor ønskjer alle ei god og fredeleg jul!

PYNTING AV GRAVER

Vi synest det er veldig flott når gravene vert dekorerte med lys, både til Allehelgensdag, jul og elles i året.

Men vi ber om at lyslyktene vert sett ned i plantefeltet framom gravminnet, og fjerna så snart lysa har brent ut. Andre lause gjenstandar, som figurar, blomstrar etc, må og plasserast innanfor plantefeltet.

Gravlyktene må på ingen måte plasserast i gangstiar eller på oppbrøyta vegar og stiar.

Lause dekorstein som er lagt i plantefelt, må og fjernast. Desse spreier seg fort utanfor plantefeltet, og kan øydeleggje maskiner, utstyr og gravminne. Dei kan og vere til fare for menneske dersom dei kjem inn i grasklipparar eller snøfresen.

Liv Eikås-Homme
Kyrkjeverje

Juletrefestar

Søndagsskulen har juletrefest på Åmli Menighetssenter 3. juledag 27.12. kl.15.30. Besøk av Steinar Nordlie.

Dølemoklubben har juletrefest på Dølehall 3. juledag, 27.12.
kl. 18.00.
Steinar Nordlie blir med. Ta med mat. Gratis brus og kaffi. Velkomen!

ÅMLI KYRKJEKONTOR

Opningstider:
tysdag-torsdag 10.00 - 14.00
Besøksadresse: Fossevegen 24
Postadresse: Postboks 57, 4864 Åmli
Tlf. sentralbord: 37 18 52 70
Tlf. kyrkjeverje: 37 18 52 71 / 941 63 084
Heimeside: www.amli.kyrkja.no

Kyrkjeverja sin telefon er som oftast betjent frå måndag til torsdag frå 09.00-15.00. Opningstidene våre er tysdag til torsdag 10.00-14.00. Kyrkjekontoret svarar på alle spørsmål om kyrkjelege handlingar og om verksemda i sokna.
Kyrkjeverja har ansvar for spørsmål om gravferd, kyrkjegardar og bygningar. Under kyrkjeverjas ansvarsområde er mellom anna også alle tilsette i kyrkjene og på kyrkjegardane, samt økonomien.
Velkommen innom!

Kyrkjeverje:	Liv Eikås-Homme	37 18 52 71 941 63 084	liv.eikas@amli.kommune.no
Sokneprest:	Ragnhild Røstvik	37 18 52 72 938 85 125	ragnhild.marie.rostvik@amli.kommune.no
Organist:	Salve Kallevig	37 18 52 73 911 00 356	salve.kallevig@amli.kommune.no
Kontorsekretær, kyrkjetenar Åmli, trusopplærings-koordinator	Gerd Kallevig	37 18 52 70	gerd.kallevig@amli.kommune.no
Kyrkjegards-arbeidar:	Svein Lunden	37 18 52 74 957 58 343	svein.lunden@amli.kommune.no
Kyrkjetenar Gjøvdal kyrkje:	Solfrid Haugli	975 88 751	
Kyrkjetenar Tovdal kyrkje:	Ellen W. Ramse	991 02 821	

Gåver til Kyrkjelydsbladet

Sokneråda og Bladstyret takkar alle som har sendt gåver til Kyrkjelysbladet. Vi seier oss leie for at det er lenge sidan namna stod i bladet. Her kjem namna frå 2014 og 2015. Namna frå 2016 kjem i neste nummer.

Frå 20.06.2014:
Anne Altermark, Børuf Ramse, Marit Finsrud og Ånund Gjermones, Liv og Tore Kateraas, John Baasland, Ole Moe Hægestøyl, Telleif Engenes, Gerd Aaland, Inger Oland, Sveinung Seljås, Johnny og Lisbeth Bjørnbakk, Rune Nylund, Jane Ann Torstensen Lindstøl, Kristine Sveinungsen, Reidar Tveiten, Ottar Gjermundnes, Gert Falk Mogensen, Anne Kil Retterholt, Kari Epletveit, Tone Smeland, Anne Marie Vindholmen, Ragnhild og Olav Ramse, Øyvind Meberg, Bente Berget, Helga og Olaf N. Oland, Anne Oland, Nyfrid R. Gjerde Limann, Toralv Sandnes, Signe Alise og Øyvind Olstad, Laila Haugli, Berit og Otto Storbrua, Åse Elisabeth Jansen, Astrid og Jens Føreland, Turid Ellinor Haugstøyl, Angrim Flaten, Mia Engestøl, Arne Kjell Raustøl, Sigrid Bjørg Ramse, Aslak Eppeland, Sverre Johan Kløvfjell, Kåre Fossnes, Olav T Åsheim, Inger Britt Sundstøyl Bjønnum, Aadne Standal, Signe Torp Riisland, Anne Sigrun og Olav Heia, Grethe Rosa Baasland, Karin og Lars Gangsei, Signe Nylund, Øystein Epletveit, Lefert Njizink, Torunn Ødegård, Knut Solvang, Anna Gunhilde Dukane, Sigrid og Torstein Håkedal, Tarjei Johansen, Astri Gerd Baasland, Astrid Hansen, Sigmund Berli, Kari Gerd Riisland, Grethe Berget, Inger Synnøve Espeland, Jon Torgeir Lunden, Kjetil Tveit, Åshild Margit Flottorp, Thordis Kristine Skarmyr, Liv Ann Skjeggedal, Hans Bjørn Bastiansen, Gerd Wessel-Hansen Tangen, Solveig og Kjell Nylund, Kristian Jørgensen, Ivar Andreas Borgen, Signe Mjåland, Halvard Harstveit, Per Tore Tviland, Laila Froland Steinsland, Jon Arild Vindholmen, Siv-Annie Dale, Odd Inge og Astri Gerd, Ragnhild Eppeland.

2015:
Astrid og Einar Austenå, Turid Johansen, Alfhild Gausen, Ellinor C. Oland, Gunstein G. Krossbekk, Øyvind Jomås, Olaf S. Moe, Erna Eriksen, Erna Vindholmen, Dag Halvorsen, Olaug Hushovd, Halvor Kyrdalen, Kyrvatn AS, Åsta Ellinor Skarmyr, Kåre Seland, Bjørg og Olav Dahl, Klara-Gunn Kateraas Fløystad, Nils Jørundland, Vigdis Sveigane, Halvor A. Strand, Halvor Nylund, Einar Nylund, Kari Monen Karlsen, KTA/MV, Salve og Margit Austenå, Vidar Haugli, Hilma Nordås, Oluf Knudsen-Baas, Olga Maria Breivik, Kjersti og Andreas Hansen, Gunvald Engenes, Eldbjørg Breivik Smeland, Klara Gunvor Nesheim, Anna Lyngstad, John Sveinungsen, Gunstein O. Krossbekk, John Baasland, Marit og Ånund, Thorvald Austenå, Bente Berget, Aslak Eppeland, Kåre Fossnes, Aslaug Berli, Knut og Torhild Solvang, Mia Engestøl, Astrid og Einar Austenå, Anne Marie Vindholmen, Alfhild Gausen, Gjertrud Rislå

Halvorsen, Olga Maria Breivik, Øyvind Jomås, Liv og Tore Kateraas, Dagny Røyneland Hørsdal, Gerd Aaland, Oddmund Sigridnes, Liv Tande, Åse Elisabeth Jansen, Signe Alise og Øyvind Olstad, Sverre Johan Kløvfjell, Solveig og Bjarne Vehus, Anne Kil Retterholt, Rune Nylund, Kirsti-Helen og Kurt-Tore Aas, Arthur Raudåna, Anne Sofie Altermark, Kristine Sveinungsen, Gunvor Vaule, Jon Torgeir Lunden, Jørund Dagfinn Mjaaland, Olav Kleivene, Kari Epletveit, Karin van Zijp, Halvor A Strand, Elling Riisland, Angrim Flaten, Turid Ellinor Haugstøyl, Astri Gerd Baasland, Ingeborg Bruun, Halvor Nylund, Magne Olsen, Kjell Nylund, Tonnie Hagelia, Olav T. Åsheim, Berger Nordås, Åsta Synnøve H. Mattingsdal, Ellinor C. Oland, Laila og Terje Steinsland, Eldrid Øy, Ole Moe Hægestøyl, Klara-Gunn Kateraas Fløystad, Grethe Rosa Baasland, Gerd Wessel-Hansen Tangen, Signe Nylund, Ragnhild og Olav, Astrid Hansen, Per Tore Tviland, Anne Sigrunn og Olav Heia, Eldbjørg Breivik Smeland, Sveinung Seljås, Tormod Skjeggedal, Reidar Saga, Grethe Berget, Inger Oland, Gunhild Myhre, Nils Jørundland, Telleif Engenes, Agnar Hansen, Anne-Tomine Knudsen, Aashild og Halvor Flottorp, Torstein Håkedal, Liv Ann Skjeggedal, Halvard Harstveit, Hans Bjørn Bastiansen, Kari Gerd Riisland, Astrid og Jens M. Føreland

---

OFFERGÅVER 2015

Det blei i 2015 samla inn kr. 66 626,- ved offer i Åmli sokn.
Kr. 8778,- av desse vart brukt i vår eigen kyrkjelyd.
Elles fekk følgande føremål offer: Felles prostidiakonstilling, Ungdom og misjonsrådgiverstilling i bispedømmet, Kyrkjemusikalsk arbeid, Normisjon -Misjonsprosjektet og jordskjelvofra i Nepal, Normisjon lokalt, Sundagsskulen lokalt, Norsk Luthersk Misjonssamband, Det Norske misjonsselskap, Bibelselskapet, Gideon, Kirkens Nødhjelp - syriske flyktningar, Kirkens SOS Agder, Rådet for psykisk Helse og Redd Barna.

I Gjøvdal sokn vart det i 2015 samla inn kr. 13 650 ,- Kr. 984,- av desse vart brukt til eige arbeid i kyrkjelyden.

Takk til Åmli sokneråd

Norsk Gideon og Kirkens SOS Agder takkar Åmli sokneråd for offergåver gitt i 2016.

Olav Wik takkar for blomar han fekk av Åmli sokneråd til 80-årsdagen sin.

DIAKONISAMARBEIDET I AUST-NEDENES PROSTI

1.2.2014 ble diakon Per Emanuelsen tilsatt i 50% stilling som prostidiakon i Aust-Nedenes Prosti. Prostiet omfatter alle menigheter i kommunene Gjerstad-Risør-Tvedestrand-Vegårshei og Åmli.
Stillingen er et prøveprosjekt med varighet 3 år, og har bakgrunn i Kirkelovens bestemmelser i §9 om at menighetsrådene har ansvar for at bl.a. diakoni innarbeides og utvikles i soknene.

Det er nå vedtatt at prosjektet skal videreføres i 1 1/2 år med Per Emanuelsen til august 2018.

Prosjektet har hittil blitt finansiert som følger (pr. år):

1.Tilskudd fra de 9 menighetsråd	Ca. kr. 153.000,-
2.Tilskudd fra Agder Bispedømmeråd.	" " 150.000,-
3.Tilskudd fra Opplysningsvesenets Fond	" " 112.000,-

Tilskuddet fra OVF var lovet til det 3-årige prosjektet, og er noe mer usikkert for den utvidede periode på 1 1/2 år.

Styret for diakonisamarbeidet tillater seg derfor med dette skrivet å henvende seg til enkeltpersoner og firmaer i prostiet med spørsmål om tilsagn om pengestøtte. Tilsagn om engangsstøtte og/eller årlig støtte er like velkomment. En årlig støtte vil også gi større mulighet for å gjøre stillingen som prostidiakon til en fast ordning.

MÅL FOR DIAKONIPROSJEKTET

Diakoniarbeidet i menighetene er et svært viktig supplement til offentlige støtteordninger, og diakonisamarbeidet har følgende mål for arbeidet:

Hovedmålet er å innarbeide og videreutvikle diakonien i menighetene. Dette vil en søke å få til bl.a. ved;
-Å få etablert diakoniutvalg i alle menighetene.
-At menighetenes diakonale arbeid forsterkes.
-Og at prostidiakonistillingen søkes etablert som fast stilling etter prosjektperiodens utløp.

KONKRETE TILTAK

Av konkrete tiltak som er tatt med i målsettingen nevnes:
-Utvikle besøkstjeneste.
-Etablere sorggrupper.
-Veilede og følge opp enkeltpersoner som er involvert i kriser.
-Informere om diakoni i media.

Det er også vist til at kontakt med offentlig og frivillig helse- og sosialtjeneste er en viktig oppgave.

RESULTATER HITTIL
-Det er nå etablert diakoniutvalg i alle 5 kommuner.
-Det er etablert 4 sorggrupper. Deltakerne omfatter personer fra alle kommuner, og også forskjellige kirkesamfunn.
-I 2015 gjennomførte prostidiakonen 277 enkeltsamtaler mot 176 i 2014.

-I sin årsmelding for 2015 anfører Per Emanuelsen også at ca 50 frivillige fra hele prostiet nå deltar aktivt med diakoniarbeid i menighetene.

Ovenstående viser med all tydelighet at prosjektet har vært svært positivt, og at det er inne i en fortsatt positiv utvikling til beste for enkeltmennesker.

I håp om at ovenstående viser viktigheten av diakoniarbeidet som er satt i gang i regi av prostiet, går oppfordringen ut om å støtte arbeidet, enten ved et fast årlig beløp eller ved enkeltgaver.

Innkomne midler vil bli administrert av Tvedestrand kirkelige Fellesråd. Ordningen vil også være revidert av revisjonen i Tvedestrand kommune.

Pengegaver kan settes inn på bankkonto 2826.07.14173, merkes: Diakoni

Tvedestrand, 6/9-16

Ragnhild E. Floberg
Prost

Torleif Haugland
Styreleder

Historiegudstjeneste

I Gjøvdal kyrkje skal vi pr. skrivende stund ha en historiegudsteneste som vi også etter hvert vil ha i Åmli og Tovdal kyrkjer.
Jeg og presten har i et samarbeid med Ellinor Oland arbeidet med en historie fra emigrasjonen til Amerika.
Bakgrunnen er boka "Lost and found" skrevet av Ole Nystel som hadde foreldre som emigrerte fra Gjøvdal i 1850.
Ole ble som 15 åring tatt av comanche indianere og levde med dem i 3 måneder.
Senere skrev han boka som vi har oversatt og redigert ned.
Boka finnes kun på engelsk og er umulig å få tak i her i landet, men Ellinor hadde heldigvis fått et eksemplar fra Amerika.
Ellinor og presten leser vekselvis mens jeg spiller passende bakgrunnsmusikk supplert med bilder.

Salve Kallevig

SISTE BASAR PÅ FLATEN SKULE

Fredag 9. september var det samla ca. 80 personar på Flaten skule. Flaten misjonskvinneforeining hadde sin aller siste basar.

Vi begynte med tombolasal. Deretter hadde vi ein møtedel. Kirsti-Helen Aas las dikt, og fleire familie-medlemer frå familien Risholt leia forsamlinga i fine allsongar. Kurt-Tore Aas heldt ein kort andakt. Han talte om den miskunnsame samaritanen og om nestekjærleik.

Seinare koste folk seg med kaffi, te og kaker. I løpet av basarkvelden kom det inn kr 13740. Tek ein med førehandssalet, blei brutto-inntektene på kr 26705.

Denne fredagskvelden blei altså den siste basaren avhalden. Kvinneforeininga, som blei stifta av seks medlemer 19.08.1952, skal halde fram med foreiningsmøte, men fleire basarar blir det altså ikkje. Dagens seks medlemer fekk utdelt kvar sin rosebukett som takk for engasjement for misjonen gjennom mange år. Vi trur folk reiste heim frå denne siste basaren med blanda kjensler.

Flaten misjonskvinneforeining.

Frå venstre : Gunhild Flaten, Joveig Wik, Ingeborg Myhren, Kirsti-Helèn Aas, Margith Rønningen og Brith Risholth.

NMS GJENBRUK ARENDAL

Det Norske Misjonsselskap åpnet den første gjenbruksbutikken i 1998. Det ble raskt en suksess og i dag finnes 49 butikker rundt om i Norge. En av de ligger i Vestre gate 17, Arendal. NMS Gjenbruk har tredelt fokus:
Miljø: Ikke bruk og kast, men gjenbruk og god forvaltning.

Møteplass: Gjenbruksbutikken skal være et hyggelig sted å besøke for handel og samvær.

Misjon: Skaffe inntekter til misjonsarbeidet.

Butikkene tar imot brukte gjenstander kostnadsfritt og selger dem til bruktpris. Gjenstandene som kan tas imot og selges skal være i brukbar stand og rene.

Medarbeiderne i butikken jobber uten lønn.

Overskuddet i butikkene går til mennesker som trenger det, bl.a.:

Rent vann, fortelle kvinner at de har rettigheter, skape varige arbeidsplasser, gi barn skolegang, helsearbeid, radioarbeid og formidle Bibelens budskap der det er ukjent.

Det Norske Misjonsselskap arbeider i en rekke land i Afrika, Østen og Europa.

Har du lyst til å bli kjent med oss og kanskje bli medarbeider? Ta kontakt med oss i Gjenbruksbutikken i Vestre gate 17 for en prat.

Butikken er åpen alle dager mellom 11 og 15, unntatt torsdag da det er åpent til kl 17 og lørdag til kl 14. Telefonnr. 400 33 608.

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Kristent lydbibliotek øker kraftig

Interessen for kristen litteratur er større enn noen sinne blant norske syns- og lesehemmede. Lydbiblioteket til Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB) har mer enn doblet utlånet av lydbøker.

KABBs lydbibliotek har gjennom 40 år spesialisert seg på å produsere lydutgaver av aktuell kristen litteratur. Biblioteket er offentlig godkjent på linje med det statlige Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.
- Vi leser inn ca. 100 bøker i året, forteller biblioteksjef i KABB, Heidi Vestbye. – De fleste er utgivelser fra de kristne forlagene, men vi produserer også bøker fra andre forlag, dersom tematikken ligger innenfor vårt formål. Vi tilbyr litteratur i alle sjangre, fra lettleste romaner til tyngre teologiske verker, sier Vestbye, som likevel medgir at mange av boklånerne foretrekker bøker av den lettere typen.
- De smalere titlene lånes ofte av folk som trenger dem i forbindelse med jobb eller studier. Derfor er det viktig at også slike bøker er tilgjengelige, selv om de ikke leses av så mange.

Lett tilgjengelig

I løpet av et drøyt år har utlånet av bøker fra KABBs bibliotek økt med mer enn 100 prosent, og fortsetter å stige. Noe av årsaken er at KABB og Norsk- lyd og blindeskriftbibliotek nå har felles utlånssystem, slik at boklånerne har tilgang til alle bøker fra begge bibliotekene, og at lydbibliotekene har tatt i bruk ny teknologi. Siden det nye systemet for utlån ble tatt i bruk i fjor, har KABB registrert 230 nye boklånere.
Lånerne kan fortsatt få tilsendt bøkene våre som CD i posten, men stadig flere velger å streame eller laste ned lydbøkene i en app eller på internett. Slik får de umiddelbart tilgang til de bøkene de ønsker seg, forteller biblioteksjefen. Tilbudet er gratis, i likhet med andre offentlige biblioteker.

Også for lesehemmede

KABBs lydbibliotek ble startet som et tilbud til blinde og svaksynte, men alle som strever med å lese trykt tekst kan bruke biblioteket. Det gjelder for eksempel dyslektikere, funksjonshemmede som ikke kan holde eller bla i en bok, mennesker med konsentrasjonsvansker, og mange andre, sier Heidi Vestbye.
Tre prosent av alle nordmenn er synshemmede og 5-7 prosent har alvorlig dysleksi. Dermed er minst hver tiende nordmann helt avskåret fra å lese trykte bøker. Langt flere har generelle lese- og skrivevansker, og kan ha nytte av et tilbud om lydbøker.

- Vi opplever at svært mange som kunne ha nytte av oss ikke kjenner muligheten av å bruke lydbiblioteket. En av utfordringene med å informere disse gruppene er jo nettopp at de ikke leser trykt informasjon, derfor er vi avhengige av at pårørende eller fagfolk gjør dem oppmerksomme på bibliotektilbudet. Vi får veldig mange tilbakemeldinger om at lydbøkene gir brukerne en ny og bedre hverdag, forteller Vestbye.

Frank Tangen

Stadig flere lesehemmede låner lydbøker via internett, men biblioteksjef Heidi Vestbye i KABB har likevel hendene fulle med å gi lånere personlig veiledning. Foto: Kari Undeland

For mer informasjon om KABBs lydbibliotek:
Heidi Vestbye,
tlf. 69 81 69 81

Frå kyrkjeboka:

DØYPTE

Åmli kyrkje :

28.08.2016
Eskil Syrtveit

11.09.2016
Tine Søraker

25.09.2016
Kasper Katerås

Gjøvdal kyrkje:
04.09.2016
Lykke Karoline Jørundland-Lunden

Tovdal kyrkje:
02.10.2016
Elli Sofie Heitmann

DØDE

Gjøvdal kyrkje:

Korrigering frå førre nr:
Åsa Tove Gusevik
f. 1953 – d. 19.04.2016

Bjørn Gundersen Støylen
f. 1947 – d. 28.07.2016

Åmli kyrkje :

Anne Kil Retterholt
f. 1928 – d. 16.08.2016

Olve Harald Tveit
f. 1928 – d. 18.08.2016

Halvor A. Strand
f. 1945 – d. 16.09.2016

Julekonsert i Tovdal

I år blir det konsert i Tovdal kyrkje søndag 18. desember kl.16. Det blir innslag med lokale solister og allsang i samarbeid med organisten.
Vi håper det blir et hyggelig og uhøytidelig innslag like før jul. Gratis inngang.

13.- dagsbasaren

Snart er det tid for basar på Åmli Menighetssenter. Kyrkjebygda Kvinneforening arrangerer sin tradisjonelle basar laurdag 7. januar kl. 13.00. Merk dag og tid! Alle er velkomne!

Gudstenestelista:

NOVEMBER
27.11. kl. 17.00: Åmli
(1. s. i adv.)
LJOSMESSE m/ konfirmantane
og Speideren

DESEMBER
04.12. kl. 17.00: Gjøvdal
(2. s. i adv.)
LJOSMESSE
11.12. kl. 11.00: Åmli
(3. s. i adv.)
Gudsteneste m/ nattverd
13.12. kl. 18.00: Åmli
NB! Tysdag kveld
Syng jola inn
18.12. kl. 16.00: Tovdal
(4. s. i adv.)
Jolekonsert med allsong og lokale solistar. Gratis entré
LILLE JOLAFTAN, 23.12.
kl. 11.00 på ÅPOS:
Jolegudsteneste
JOLAFTAN, 24.12.
kl. 13.30 Tovdal:
Jolegudsteneste
kl. 16.00 Åmli:
Jolegudsteneste
FØRSTE JOLEDAG, 25.12.
kl. 13.00: Gjøvdal:
Jolegudsteneste
ANDRE JOLEDAG, 26.12.
kl. 11.00: Åmli:
Høgtidsgudsteneste m/ nattverd

JANUAR – 2016
08.0.1 kl. 11.00: ÅPOS
Gudsteneste m/ nattverd
15.01. kl. 11.00: Gjøvdal
Songgudsteneste
29.01 kl. 11.00: Åmli
Gudsteneste m/ nattverd

FEBRUAR
05.02. kl. 11.00: Gjøvdal
Bygdegudsteneste
19.02. kl. 18.00: Tovdal
Gudsteneste m/ nattverd
26.02. kl. 11.00: Åmli
Fastelavnsgudsteneste
m/ søndagsskulen

MARS
01.03. kl. 18.00: Åmli Oskeonsdag.
Gudsteneste m/ nattverd og skrifte.
05.03. kl. 11.00: Åmli
Bibelgudsteneste m/Gideon
Ådne Fossnes taler og deler ut NT. til 8.kl.
19.03. kl. 11.00: Gjøvdal
Gudsteneste m/ nattverd
26.03. kl. 11.00: Åmli
Barnas misjonsdag

APRIL
PALMESUNDAG, 09.04.
kl. 11.00 i Åmli kyrkje
Påskevandring, m/ Normisjon
og Søndagsskulen

SALMESTAFETTEN

1: Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå,
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljoset som strålar ved dag og ved natt!

Irsk tekst frå 700-tallet,
omsett av Arve Brunvoll.
Melodien er ein irsk folketone.

2: Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

3: Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd,
ver du det merket som syner mitt verd.
Livd for mi sjel, den tryggaste vakt,
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

4: Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skode din herlegdom der.

Salmen jeg har valgt, er en salme som gir meg mye og som rommer mye av kristenlivet mitt. Salmen starter med en bønn om et hjerteforhold til vår Gud. For meg er det Bibelens kjernepunkt: mitt forhold til Gud er ikke styrt av et sett med regler, men av at Gud ønsker å ha et hjerteforhold til meg. Han vil bli kjent med meg og at jeg skal bli kjent med han fordi han elsker meg. Det var ikke fordi han hadde et perfekt liv å vise til at han ble invitert med til paradis, denne røveren som hang på korset ved siden av Jesus. Det var fordi Jesus kjente hjertelaget hans. Det er godt å vite og til god trøst når dagene ikke alltid går slik en ønsker.

Videre sier salmen noe om at livet kan være en kamp, og at jeg må stride. Livet leves ikke alltid i medvind, da er det godt å vite at jeg har en som kan hjelpe og som er der, ikke bare når alt går på skinner, men også når motbakkene kommer. Til slutt i salmen kommer en bønn om at jeg ved livets slutt får nå det endelige målet: Himmelen.

Salmehilsen fra Reidar Tveiten, som samtidig sender stafettpinnen videre til Rakel Søraker.